

## Klage til Lindås kommune frå Knarvik Nord bygda på deling av tomt på gbnr 121/1

Knarvik Nord bygda er samde og syntes at det er trist at kommunen stemmer ned og avslår eit tiltak som dette.

Det er i stor interesse for bygda at unge menneske vil busetta seg her, utan tilflytting og boligbygging vil bygda dø ut på sikt. For å oppretthalda sosialt liv i bygda må me få opna for spreidd bustadbygging der grunneigar ser det område best egna, og ikkje ta av området som blir nytta til landbruk eller liknande slik kommunen i dag vil. Området som kommunen har opna for sprett bustadbygging er nytta som beite.

Tomten som det unge paret har søkt om å dela ifrå, ligg fint til rette og med grei utsikt. Veg, vatn og kloakk er rett ved og vil dermed ikkje skada landbruk eller kulturlandskapet med nye trasear. Me meina det vil gje eit positivt preg på bygda, særlig den nordlige delen av bygda, då der vil bli fleire og yngre menneske.

Det unge paret hadde også sett seg ut eit anna område som dei ville søka på, men som dei blei fråråda å søka på av saksbehandlar frå kommunen under synfaring. Men som me kan sjå av avslaget dei har fått på deling er det mangelfull saksbehandling, feil informasjon om bygda og gardsbruk.

Det område paret ønska først og dela ifrå ligg i eit området som før var eit beite med ei lita slåttemark. Område blei beplanta etter 1945 med granskog. Som eit tiltak for og bygga opp igjen landet. No om lag 70år etter er skogen meir enn høgst moden. Me syntes det hadde vore fint å hugga ned skogen og fått landskapet tilbake til sin naturlige flora. Det hadde vore fint med ein bustad tomt her og omregulert resten tilbake til beite område.

Saksbehandlar som var på synfaring meinte at det området dei no har søkt om var større sjanse for å få godkjent tomt enn der dei opprinneleg ynskja. Så me som bygd og fellesskap syns at kommunen burde gje dei løyve til og dela ut denne tomten.

Kommunen ynskjer at landbruk og kulturlandskap blir ivaretatt, for at dette skal halde ved like, må me ha unge menneske som er villig til å gjera ein innsats. Me meiner at nettopp dette paret vil vera med å bidra til dette, me ser på dei som ein resurs for bygda og for bygdas framtid. Me oppmoda derfor Lindås kommune til å revurdere og gje dette ungeparet dispensasjon til å få tomt og kunna busetta seg i bygda.

Mvh

Knarvik Nord bygda

